



- Takk for jobben! Ekteparet Møyfrid og Anders Kristoffersen takkar kvarandre på Gamleskulen. Ho leia innsamlinga i Uskedalen og han jobba "i felten"! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etterkvart som innsamlarane kom attende til basen i Gamleskulen søndag ettermiddag, vart konklusjonen stadig klarare. Det var berre glade givarar å treffe i Uskedalen under TV-aksjonen! Men tellinga viste ein nedgang frå i fjor: Det kom inn 29.802 kroner medan fjorårsresultatet var 33.426. Men resultatet var likevel relativt bra samanlikna med kommune-resultatet.



Førebuingane til aksjonen i gang i Gamlaskulen søndag ettermiddag. Til venstre sit leiar Møyfrid Kristoffersen. I midten skriv innsamlar Solveig Kjærland og til høgre står innsamlar Anne Guri Kildal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Nei, under denne runden var det berre velstand, svara Anders Kristoffersen då uskedalen.no ville veta om han hadde møtt nokon negative eller avvisande kommentarar under ferda si nedover dalen. Han var som dei andre innsamlarane svært nøgd med responsen. Heller ikkje hadde mange gått bom i den forstand at mange ikkje var heime.

- Av 40-50 på Korsnes som låg i mi rute, var berre fire-fem ikkje heime. Og dei som var heime, var berre blide og hyggelege, sa Anne Guri Kildal.

Den samme konklusjonen hadde Brit Hjetland etter ein rundtur på Ljosnes og Rød.

12 vaksne bøsseberarar og mange ungar var i aksjon under TV-aksjonen i Uskedalen dette året og det er særleg grunn til å setta ein strek under familien Kristoffersens innsats. Faktisk stilte rodeleiar Møyfrid Kristoffersen med eit familielag på seks medlemmer denne gongen. Det betyr at dei var enda flinkare enn då SPAR stilte opp med eit imponerande kollektiv under aksjonen i fjor.

Møyfrid vil på si side rosa dei to bøsseberarane som rekrutterte seg sjølv ved å nytta det landsomfattande nummeret.

Slikt vitnar om samfunnsansvar og om ansvar for medmenneskje.

Sissel Arseth på kulturkontoret i Rosendal opplyser at resultatet for heile Kvinnherad vart 409.713 kroner og det er ein nedgang på rundt rekna 65.000 frå i fjor då det kom inn 475.658 kroner.

- Og kva er forklaringa på nedgangen?

- Ein skal hugsa at det var rekord-noteringar både i 2006 og 2007. Og dei som kjem med bæssene til tellesentralen i banken i Rosendal opplyser at det var svært mange tomme hus denne gongen.

Difor har vi tru på at talet blir retta opp noko etterkvart.

Av Ola Matti Mathisen